

Bestastovo

av Mikal Heldal

Som i så mangt anna så er også butilhøva for folk endra gjennom åra. Det var ikkje i ei fjern fortid at det i mange heimar var bestestove, bestestue, bestatovo, stasstovo eller storstova – fritt etter nynorskordboka. Den gamle byggeskikken var kanskje stova og sengebu etter kvarandre. So kom mange hus her på Vestlandet med to stover – ei i kvar ende av husa og med kjøkken og kammers i reisverk mellom og langs stovene. Der var det inngangen og kjøkkenet. Men om husa hadde storstove elle bestestove kunne vel variera noko frå plass til plass. Men eg har ei kjensle av at det fans mange bestastover kring i heimane og no skulle det vore bra om me fekk litt kunnskap om bestastover. Kvifor denne skikken og korleis var stovene innreidde.

Åse Eikemo Strømme minnest frå Eksingedalen: «Bestastovo berre hørde me om heime i Eksingedalen. Det var slikt dei hadde i bydn i større hus. I dei indre dalføre var det berre snakk om Storastovo og Vetlastovo, hjå dei fleste. Då yngste søstra mi gjekk på skulen skulle dei til læraren ein dag fortelja om kvar dei var fødde, og ho svara som sant var " heima i Vetlestovo". Og når me song "Den fyrste song" på skulen, og me kom til strofen "dei synte meg ein fager veg opp frå vår vesle stova", ja så var det i mi vesle verd Vetlestova heime me song om. Det var der me som små born sov med foreldra våre, før me var store nok til å flytta på lemnen. Seinare fekk foreldra våre også sitt soverom på lemnen, og Vetlestova vart teken i bruk saman med Storestova, til nettopp det ho var, ei stove. Men ho vart i kvardagen ikkje oppvarma, sjølv sagt for å spara på straumen og veden. Men vart det gjestebod og i høgtidene, eller med mykje folk i huset, vart Vetlestova sjølv sagt teken i bruk, og slik er det i dag også. Vetlestova står i minne som staden me koste oss saman. Om huset var lite og stovene ikkje av dei største, var det stort hjarterom, gjestfriheit og god mat».

Tilsvarende minne har Sigmund Simmenes frå Vaksdal: «Her i bygda trur eg ikkje det var nokon som hadde anna enn vetlastovo og storastovo. Og

dei fleste hus hyste minst to familiar: Sjølvafolket og kårfolket. Alt etter kva fase dei var i i livet budde dei i dei stovene dei hadde best plass. Men kjøkjen var i dei fleste husa også felles - til gode for mangt, men også til irritasjon og konflikter, særleg mellom gamlemor og nyakono.... "Du må kje koma her og koma her...". Dette gjentok seg ofte i fleire generasjonar, nett so eit uregisert rollespel. Sjølv er eg fødd i vetlastovo, der heldt vår familie til, medan oldemor og hennar to "born" budde i storastovo. Seinare, når me vart fleire og dei i storastovo vart til berre ein, bytte me stover. På somme gardar bygde dei gjerne eit tilbygg som kunne hysa både kjøkken og bad, slik at begge huslydar hadde sitt eige. Det var bra, men kom vel ikkje før på femti- og sekstitalet».

Ny byggeskikk kring førre århundreskiftet – sveitsarstilen – vart hus med to stover etter kvarandre, og då vart det for alvor duka for bestestova. Så hadde dei dagligstova eller dagligstuen attåt bestastovo eller sundagsstova som den òg vart kalla. Eg veit ikkje korleis denne skikken med bestestove vaks fram, men eg trur nok det var eit by-påfunn. I Stavangeren nr 2 2012 finn me dette: *«Bestestuen var gjerne familiens stolthet, men det største og fineste rommet ble ofte stående som «en kald prakt», hvor barn knapt hadde adgang. Rommet skulle først og fremst benyttes til representasjon i familiens omgang med omverdenen. – Møblene skulle helst være mange og gjerne litt prangende. – I etikettebøkene mange hadde, som Jakob Falkes Kunsten i Huset, ble statusgjenstander som piano, bøker, byster av kulturpersonligheter, gamle familieportretter og familie-klenodier spesielt fremhevet. Falke anbefalte rokokkostil, men boken fra 1872 var ikke helt oppdatert».*

Og omgrepet kald prakt er det lett å skriva under på. I desse tider – som då – var det kanskje energisparing som låg attom bestestovene?

I mine barndomsår på Tysnes hadde me ei stova og ei bestastova. I bestastovo var polerte møblar og litt plysj. Og den stova var ikkje i dagleg bruk – vintersdagen fyrte dei berre i omnen ved besøk, og når emissærar budde hjå oss. Og det var ikkje så sjeldan. På julafta brukte me ho, nyvaska og nystrøkne gardiner. Tidleg på 50-talet tok me bestastovo i bruk som daglegstova.

Tanta til mor, Marie , var ugift og budde på Døso, like ovanfor kyrkja på Stord. der hadde ho eit lite hus som ho arva etter tanta si – Hansine – eller

Sinemosto som ho vart kalla i daglegtalen heime. Huset var ikkje stort, men likevel hadde tante Marie bestastove. Hendevis fekk me glytta inn der – kaldt var der og ei rar innestengd lukt, men det eg hugsar best var at ho hadde ein puff – den tykte eg var so flott. Det eg veit var stova aldri i bruk – det var gardiner for vindaugo så der var eit slags halvmørke der inne.

I Barndomsminne frå Dale (Vaksdal historielag) skriv Astrid Fosse «Eg synes å hugsa at dei hadde piano og strengeleik i bestestova. Eg trur dei hadde berre kjøkken og to rom, men det var likevel ei stova som vart kalla bestestova slik det var vanleg på den tida, men me ungar fekk leika oss der likevel. Harald Sætre skriv i Uskedalsposten (2012) at « – når klokkene i Uskedal kyrkje ringde jula inn, då var alt klart og julefeiringa kunne ta til i bestastovo heime». Det same minnest Jarle Sanden (Romsdalsmuseet Årbok 2006) «Det var jul berre det å få vera inne i bestestova. Den var ikkje i bruk andre tider». Og i Klypeposten 2014 (Etne) fortel Torleif Håheim: «Og i jula var det alltid juleselskap med naboane samla. Då vart det fyr i bestestova».

Askøy menighetsnytt desember 2005 har også litt om jul og bestestover: «Mange av husa hadde to stover attmed kvarandre med ei dobbel dør imellom; ei bestestove og ei kvardagsstove. Når ein brukte det ein hadde av stolar, og la plankar oppå til benker, fekk ein plass til mange. Stundom måtte ein dela festlyden i to grupper for at alle skulle få plass rundt borda. Halve festlyden kunne gå rundt juletreet, medan den andre halvdelan åt. Og eg vil tru at den gruppa som åt sist, hadde mest glede både av juletrégonga og maten». Også frå Leikanger finn me dette med jul og bestestova (Leikanger kyrkjelydsblad nr3/13).

Men bestastovo heima vart plassen for emissærar når dei var ute på forkynnarferd i vinterhalvåret. Då fyrte dei i bestastovo og der fekk dei måltida sine – av det beste dei rådde over i huset. Mellom måltida sat dei gjerne og førebudde seg til møte om kvelden. Men så var det dei som hadde med seg arbeidstøy og tok litt vedhogst innimellom. Etter Gunnar Bjelland er det fortalt at «Det var sjølvsagt at forkynnaren skulle ha gratis opphald, og Gunnar minnest at ”Bestastovo” vart brukt som emissærrom. Det var alltid kvit duk på bordet då, og barna misunnte nok emissæren som fekk syltetøy til pålegg».

Andre minnest den ro og fred som herska i bestastovo – med tid til ettertanke i gyngestolen.

Frå Hans Seland (Menn og Minner, Agder i segn og soge bd. 1) finn med dette: «Har de høyrte om faster ifrå byen? Fru Lie? Kvar sumar, eller annankvar sumar, då kjem ho til Li, der mannen er ifrå, og alltid i travlaste høyonna, for då lid det til at bæra er best. Ho er ikkje det minste stor på det. Ho tek so vel til takke med bestestova, og dei tvo lange døtterne fær kammerset innanfor».

Enden på bestastovo vart vel ofte slik Kari Fedt Haugsbakk hugsar det: «Vi hadde og to stover. Like store, og til kvardags var bare den eine i bruk. Men når fjernsynet kom på 60-talet, då vart det plassert i sundagsstova. Ein sat fint i salongen når eit slikt staseleg glåmeskap kom i huset».